

Arkivsak: 14/54
Løpenummer: 14/455
Arkivkode: FA-M82, TI-&20
Saksbehandlar: Sigvald Kvinge

Saksnummer	Utval	Møtedato
003/14	Kommunestyret	30.01.2014

Høyring - Vurdering av brann og redningsvesenet si organisering og ressursbruk. Uttale frå Gulen kommune.

Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

1. Gulen kommune meiner at brannstudien legg for lite vekt på dei grunnleggande prinsippa i viktig samfunnstryggleik og beredskapsarbeid, nemleg prinsippa om ansvar, nærleik, likskap og samvirke.
2. Lokalt basert brannvesen har spesiell god effekt basert på prinsippet om samvirke, og det er viktig for å sikra godt samarbeid med dei andre naudetatane.
3. Eit lokalt forankra brannvesen, med eigen brannsjef, er viktig for å kunne utnytta lokale ressursar, når ein skal byggja opp eit godt brannvesen, og når ein skal handtera ulike skarpe situasjonar.

Behandling i Kommunestyret 30.01.2014:

Stein-Inge Larsen (H) hadde permisjon frå møtet og deltok ikkje i handsaminga.

Nye framlegg:

Frå KRF v/Brosvik

Som administrasjonen, men med slike tillegg

Tillegg til punkt 1:

Det er også i for liten grad tatt omsyn til korleis ein skal halde oppe og vidareutvikle det gode samarbeidet med frivillige

Tillegg til punkt 2:

- a. I dag kjem brann- og redningstenesta ofte først til staden i samband med trafikkulukker og andre hendingar. Dette vert opplevd svært krevjande
- b. Brann- og redningstenesta skal framleis vere ei kommunal teneste, og kommunane sine uttalar må tilleggst avgjerande vekt i det vidare arbeidet med brannstudien

Røysting:

Samrøystes

KOM-003/14 Vedtak:

1. Gulen kommune meiner at brannstudien legg for lite vekt på dei grunnleggande prinsippa i viktig samfunnstryggleik og beredskapsarbeid, nemleg prinsippa om ansvar, nærleik, likskap og samvirke. Det er også i for liten grad tatt omsyn til korleis ein skal halde oppe og vidareutvikle det gode samarbeidet med frivillige
2. Lokalt basert brannvesen har spesiell god effekt basert på prinsippet om samvirke, og det er viktig for å sikra godt samarbeid med dei andre naudetatane.
 - a. I dag kjem brann- og redningstenesta ofte først til staden i samband med trafikkulukker og andre hendingar. Dette vert opplevd svært krevjande
 - b. Brann- og redningstenesta skal framleis vere ei kommunal teneste, og kommunane sine uttalar må tilleggst avgjerande vekt i det vidare arbeidet med brannstudien
3. Eit lokalt forankra brannvesen, med eigen brannsjef, er viktig for å kunne utnytta lokale ressursar, når ein skal byggja opp eit godt brannvesen, og når ein skal handtera ulike skarpe situasjonar

Sakstilfang

Link til brannstudien: www.regjeringen.no/html?id=747757

Administrasjonen si saksutgreiing:

Bakgrunn for saka:

Justis og beredskapsdepartementet gav DSB i oppdrag å setta ned ei arbeidsgruppe for å vurdere brann og redningsvesenets organisering og ressursbruk.

Hovud anbefalinga til arbeidsgruppa er å organisera brann og redningsvesena fylkesvis, slik at det vert 18 eller 19 einingar, avhengig av om Oslo og Akershus vert ei felles eining eller ikkje. Dette er utreda i vedlagte dokument (jf. brev av 13.12.2013.) frå justis og beredskapsdepartementet.

Saka er no på høyring til kommunane, med høyringsfrist 17. februar 2014.

Brannstudien har sett på 3 modellar for organisering. Desse skal ikkje overskrida dagens økonomiske rammer, men effektivt sjå på korleis ein kan, på best mogeleg måte, nytta dei samla ressursane saman med andre beredskapsaktørar.

Modell 1 fyljer fylkesgrensene og inneber at det vert 18 – 19 brann og redningsvesen, avhengig av om Oslo og Akershus skal være sjølvstendige eller skal slåast saman.

Modell 2 inneber ei organisering som skal dekke minst 100 000 innbyggjarar, eller fylje fylkesgrensene. Grensa for organiseringa skal ikkje koma i konflikt med allereie etablerte administrative grenser. Denne modellen vil vera lik modell 1, men gje ei meir fleksibilitet innanfor dei største fylka.

Modell 3 inneber ei organisering som sikrar at eit brann og redningsvesen dekkjer minst 20 000 innbyggjarar. Grensa for organiseringa bør ikkje vera i strid med allereie etablerte administrative grenser.

Det er berre innanfor nokre få av kriteria at arbeidsgruppa finn at dagens organisering legg betre tilrette enn dei føreslåtte modellane. Dette gjeld, fyrst og fremst, kriteria for demokrati, styring og kontroll, samt deltaking i kommunale prosessar.

Vurdering:

Gulen og Masfjorden Brann og Redning er frå 2012 organisert som ei interkommunal ordning, med deltidstilsette brannmannskap lokalisert i stasjonar og depot i begge kommunane og med felles brannsjef i 100% stilling. Ordninga skal opp til evaluering hausten 2014.

Brannstudien legg opp til å etablere store brannvesen. Dette vil, for svært mange små distriktskommunar, medføra ein uheldig lang avstand frå administrasjonen til utførande eining. Dette vil, igjen, vera lite hensiktsmessig for god ressursutnytting og samhandling internt i brannvesenet og mot lokalsamfunnet rundt.

Studien påstår at ein kan få betre kompetanse ved å etablere større einingar. Gulen og Masfjorden brann og redning sin utdanningsplan gjev oss ein kompetansevekst som få andre distriktsbrannvesen har. Grunnutdanning for deltidspersonell kan neppe gjennomførast meir kostnadseffektivt enn etter vår modell. Belastninga på mannskapa er også lokalt tilpassa brukarane. Dette betyr at dei kan bu heime medan dei gjennomfører utdanninga.

Brannstudien legg vidare opp til at alle leiarstillingar skal vera heiltidsstillingar. Dette gjev oss 2 val. Det eine er å oppretta nye heiltidsstillingar i dagens organisasjon, noko som vil gje drastiske endringar i forhold til dagens økonomiske rammer. Det andre alternativet (med ny organisering) er å oppretta nye administrative stillingar på regionalt nivå eller i einingar med over 20 000 innbyggjarar.

Administrasjonen stiller spørsmål ved om dei premissane som vert lagt til grunn i rapporten er mogleg å oppnå. Ny organisering er tenkt innanfor dei økonomiske rammer ein har per i dag. Samstundes er det skissert at det ikkje skal gjerast noko på det operative nivået.

Dersom ein tenker seg ei fylkesvis administrativ organisering så vil det for Gulen sin del innebere ei administrativ samling av ressursar i eit fylke der det tek ei dagsreise å komme frå ein ende av fylket til ein annan. Det betyr at ein likevel vil ha behov for administrative ressursar ute i distrikta. Ein står difor i fare for å ende opp med å etablere eit nytt administrativt nivå.

Administrasjonen meiner Gulen og Masfjorden kommunar ved å opprette ei interkommunal ordning har oppnådd mykje at det brannstudien peikar på som viktige moment.

Konklusjon:

1. Gulen kommune meiner at brannstudien legg for lite vekt på dei grunnleggande prinsippa i viktig samfunnstryggleik og beredskapsarbeid, nemleg prinsippa om ansvar, nærleik, likskap og samvirke.
2. Lokalt basert brannvesen har spesiell god effekt basert på prinsippet om samvirke, og det er viktig for å sikra godt samarbeid med dei andre naudetatane.
3. Eit lokalt forankra brannvesen, med eigen brannsjef, er viktig for å kunne utnytta lokale ressursar, når ein skal byggja opp eit godt brannvesen, og når ein skal handtera ulike skarpe situasjonar.